



# NOTAT

## Forbetring av fulldyrka areal til jordbruksføremål og terrenginngrep i LNF-område

Det er ulike lovverk som skal nyttast ved tilføring av massar og ved terrenginngrep i Landbruk-, Natur- og Friluftsområde (LNF-område). I dette notatet er det vist kva som vert definert som jordforbetring, forbetring av fulldyrka areal til jordbruksføremål og krav til søknader for mindre terrenginngrep i LNF-område.

### 1. Føresetnader og definisjonar

#### Kva er jordforbetring?

Jordforbetring er innblanding av ulike jordforbetrande materiale i matjordlaget, for å betre kjemiske, biologiske eller fysiske eigenskapar i jorda.

#### Forbetring av fulldyrka areal til jordbruksføremål

- Det skal kun tilførast massar som er naudsynte for sjølve forbetringa av fulldyrka areal til jordbruksføremål.
- Massane skal forbetra tilstanden til arealet. Anten ved at kvalitet på tilførte massar vil forbetra dyrkningsforholda for jorda (organisk innhald, vasskapasitet, bereevne mm) eller forbetring av dreneringsforholda på arealet.
- Prosjektet vert normalt gjennomført utanom vekstsesongen.
- Tiltaket vil vanlegvis verte rekna som eit landbrukstiltak etter plan- og bygningslova.

#### Massefylling


Ved massefylling vert det tilført meir massar enn det som er naudsynt for forbetringa av arealet til jordbruksføremål. Dette er tiltak som må behandlast anten som søknadspliktig tiltak som enkel byggesak, dispensasjon etter plan- og bygningslov, eller reguleringsplan, sjå figur 1.

#### Krav til massar

1. Det skal kun tilførast reine massar eller flyttast massar internt på eigedomen.
2. Reine massar:
  - a) er definert som naturleg massar frå områder der det ikkje er eller har vore forureinande verksemnd.
  - b) består av stein, grus, sand, leire og myr av forskjellig innhald av organisk materiale.
  - c) skal ikkje innehalde betongrestar, tegl, plast m.m.
  - d) massane skal ikkje innehalde eller gjennom planterestar tilføre:
    - i) skadelege plantesjukdomar, virus og bakteriar.
    - ii) uønska, framande planteartar eller skadelege planter, insekt og skadedyr.

## 2. Krav til søknadsbehandling

1. For alt areal som ikkje er fulldyrka jord skal det søkjast etter plan- og bygningslov, og eventuelt forskrift om nydyrkning
2. Alle tiltak med forbetring av fulldyrka areal til jordbruksføremål og massefylling i LNF-område skal behandlast etter jordlov og eventuelt plan- og bygningslov, jf. figur 1.
3. Storleiken på arealet og høgde på terregnendring vil normalt vera avgjerande for kva lovverk det søknadspliktige tiltaket skal behandlast etter i kommunen. Figur 1 viser ei skjematisk framstilling av dette, som ei rettesnor for søknadsbehandling.
4. Tiltak som fører til at fulldyrka jorda vert teke ut av landbruksdrift ut over to vekstsесongar, vil normalt krevje dispensasjon etter plan- og bygningslov fordi arealet får anna arealføremål.
5. Tiltak som i utgangspunktet er større enn søknadspliktig tiltak etter jordlov i figur 1, kan ikkje delast opp i etappar for å unngå behandling som søknadspliktig tiltak som enkel byggesak, dispensasjon etter plan- og bygningslov eller krav til reguleringsplan.
6. Tiltak for jordforbetring skal ikkje endre terrenghøgde for fulldyrka areal, og er vanlegvis ikkje søknadspliktig. Bruk av slam m.m. som jordforbetring er underlagt søknad etter forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav.



Figur 1. Skjematisk framstilling og rettesnor for vurdering av saksbehandling for ulike tiltak

### 3. Krav til dokumentasjon for søknadspliktige tiltak

Det er krav om dokumentasjon for alle søknader. Tabell 1 viser kva som normalt vert kravd av dokumentasjon for søknadspliktige tiltak etter ulike lovverk og ut frå figur 1.

Tabell 1. Krav til dokumentasjon for søknadspliktige tiltak

	<b>For alle søknader</b> <ol style="list-style-type: none"><li>1. målsatte kart med nabogrenser, målsatt avstand til bekk, veg, bygningar m.v.</li><li>2. oversiktskart som viser tiltaket på eigedomen og kor i bygda det skjer</li><li>3. detaljert kart som viser sjølve tiltaket</li><li>4. terregnprofilar / terrengsnitt ved terregendringar over 0,5 m</li><li>5. tiltak i nærleik til eller i vassdrag krev normalt godkjenning av Statsforvaltaren eller Rogaland fylkeskommune før søknadsbehandling og gjennomføring av tiltak. Kontakt kommunen for nærlere rettleiing</li><li>6. tiltak i områder med naturverdiar/-registreringar-, naturvernområder, naturtyperegistreringar, spesielle kulturlandskapsverdiar mm. vil kreve faglege utgreiingar før søknaden kan behandlast</li><li>7. tidsplan for tiltaket</li></ol>
	<b>Søknadspliktig tiltak etter jordlov</b> <ol style="list-style-type: none"><li>8. som for alle søknader</li><li>9. fulldyrka areal som går ut av produksjon i vekstsesong, må søkjast midlertidig omdisponert etter jordlov til anna arealføremål</li></ol>
	<b>Tillegg for søknadspliktig tiltak som enkel bygesak etter plan- og bygningslov</b> <ol style="list-style-type: none"><li>10. nabovarsel</li><li>11. krav om utgreiingar etter bygesaksforskrift §5.4</li><li>12. søknad om ansvarsrett</li><li>13. søknad om gjennomføringsplan</li><li>14. tiltaket må vera minimum 1 m frå nabogrense og innafor avstandskrav til offentleg veg</li></ol>
	<b>Tillegg for søknadspliktig tiltak som dispensasjon etter plan- og bygningslov</b> <ol style="list-style-type: none"><li>15. Når du søker om dispensasjon må du oppgje kva du søker dispensasjon frå (arealføremålet LNFR) og kvifor vilkåra for dispensasjonen er oppfylla. Dese vilkåra er at:<ol style="list-style-type: none"><li>a. omsynet bak føresegna du søker om dispensasjon frå, må ikkje bli vesentleg sett til side, og</li><li>b. fordelane ved å gi dispensasjonen må vera klart større enn ulempene.</li></ol>Omsynet bak LNFR-formålet er å sikra samanhengande grøne areal. Omsynet er mellom anna å sikra landbruksinteresser, naturmangfald og friluftsliv. Ein del av omsynet er å ta i vare kulturlandskap og hindra store endringar i landskapet.</li><li>16. Søknaden må på høyring til statlege og regionale myndigheter.</li></ol>
	<b>Tillegg for søknadspliktig tiltak som reguleringsplan</b> <ol style="list-style-type: none"><li>17. Be planavdelinga om sonderingsmøte</li></ol>

## 4. Gebyr for søknadsbehandling

Det er gebyr for behandling av søknader etter plan- og bygningslova:

Søknad om	Forskrift om gebyrregulativ i Time kommune
Vesentleg terrenginngrep	Punkt 3.6.5. Andre tiltak (ikkje arealgebyr) Punkt A Vesentleg terrenginngrep, eller Punkt Q Alle søknadspliktige tiltak som ikke er nemnde spesielt her
Søknad om ansvarsrett	Punkt 3.7. Godkjenning av føretak og sjølvbyggar
Søknad om igangsetting	Punkt 3.6. M Søknad om igangsettingsløyve
Dispensasjon frå plan- og bygningslov	Punkt 2.3.3. Dispensasjoner

For meir informasjon om gebyrsatsar sjå «Forskrift om gebyrregulativ» på Time kommune si heimeside.

Søknad etter jordlova om omdisponering av jord og søknad om nydyrkning har ikkje gebyr.  
Gebyr for eventuell søknad om deling etter jordlova – sjå punkt 5 i forskrift om gebyrregulativ.

## 5. Om dette notatet

Notatet skal vera til hjelp for tiltakshavar ved vurdering av moglege tiltak på eigedom i LNF-område for å forbetre fulldyrka areal til jordbruksføremål, og ved eventuelle mindre terrenginngrep, og kva som krevjast i forhold til søknader til kommunen.

Vidare skal det vera til hjelp for kommunen i saksbehandlinga av desse tiltaka i LNF-område.

Notatet legg til grunn gjeldande lovverk i framstillinga av temaet. For nærmere informasjon vert det vist til:

- Plan og bygningslova
- Byggesaksforskrift (SAK 10)
- Byggeteknisk forskrift (TEK17)
- Lov om jord
- Lov om vassdrag og grunnvann (vannressursloven)
- Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldsloven)
- Forskrift om fremmede organismer
- Lov om forurensing
- Lov om laksefisk og innlandsfisk mv.
- Lov om kulturminner
- Forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav
- Forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd

Time kommune, 24. august 2023